

Til ungdomsskulane i Hordaland

Dato: 13.01.2017  
Vår ref.: 2016/9170-10  
Saksbehandlar: eliwik  
Dykkar ref.:

## Innsending av karakterar for halvårsvurdering (1. termin). Inntaket til vidaregåande skular, skuleåret 2017/2018

Ungdomsskulane må også i år rapportere karakterane for halvårsvurdering for **alle** elevar i 10. klasse, til Inntakskontoret. (Merk at også karakterar i fag som er avslutta tidlegare enn 10. klasse skal rapporterast).

Grunngjevinga for å få inn karakterane for halvårsvurdering (1. termin) er å kunne planlegge eit best mogleg utdanningstilbod for elevane våre, basert på elevane sine kurs-/skuleønskje pr. 1. mars 2017.

Karakterane skal sendast gjennom vigo innsamlingsportal. ([www.vigo.no/vigor/servlet/main](http://www.vigo.no/vigor/servlet/main)).

For å kunne rapportere til Vigo **må** versjon 1.3.1.0 vere lagt inn i datasystemet. Ta kontakt med systemansvarleg i kommunen dersom du er usikker på dette.

### Spesiell informasjon til skolar som på grunn av manglande datasystem ikkje kan overføre karakterane elektronisk:

Karakterane skal sendast slik:

- kopi av karakterprotokoll med påført fødsels- og personnummer (11 siffer) eller
- kopi av karakterskjema for den einkilde elev påført fødsels- og personnummer

Karakterane skal sendast til: Hordaland fylkeskommune, Inntakskontoret, Postboks 7900, 5020 Bergen. Sendinga bør vere rekommandert.

### **Innsendingsfrist: fredag 27. januar 2017.**

Inntakskontoret sin kontaktperson i høve til det reinte tekniske med karakteroverføringa er Elin Meyer Wikan, tlf. 55 23 92 43, e-post: [elin.wikan@hfk.no](mailto:elin.wikan@hfk.no)

Med helsing

Nils Skavhellen  
inntaksleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*